

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Henrikas Maslauskas
Bøgjerdet 27
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7844 - 20/21498

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
27.04.2020

Førehandsvarsel om installering av minireinseanlegg - gbnr 424/54 Bø

Vi viser til vårt brev av 03.04.2020 med informasjon om feil og manglar i septiktanken på egedommen din. Brevet inneheld ei oppmoding om å rette feilen **innan 30.05.2020**.

Vi viser til dine e-postar av 23.04.2020 der du skriv at du ikkje ønskjer å installere minireinseanlegg, og at du har motteke tilbod frå røyrløggjar på installering av ny septiktank.

Septiktankar er ikkje lenger godkjend avløpsanlegg i området der bustaden din ligg.

Som nemnd, ligg bustaden din ligg i eit område der slamavskiljar ikkje lenger er godkjend som avløpsanlegg. Årsaka til det er at slamavskiljar berre vil bli godkjend av kommunen der det er mogleg å føre leidning ut i sjø. Sandfiltergrøft er heller ikkje lenger ein godkjend del av privat avløpssystem i Alver kommune.

Vi viser til lokal forskrift for tidlegare Radøy kommune som ligg vedlagt.

Du får difor eit førehandsvarsel om at det er krav om minireinseanlegg i området på Bø i følge forskrifta. Grunneigare der skal ha eit avløpssystem som er i tråd med føresegnene i denne forskrifta og avløpet skal vere godkjend av kommunen.

Installasjon av minireinseanlegg er eit søknadspiktig tiltak, jf. plan- og bygningslova § 20-1 bokstav f.

I medhald av forurensingslova § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen påleggje den ansvarlege for forureining om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i ovannemnde tilhøve, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om installering av minireinseanlegg og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøvet i lovlege formar.

Aktuelt regelverk:

- Lokal forskrift for Radøy kommune, vedtatt 30.10.2010, som gjeld inntil ny forskrift for Alver kommune ligg føre.

- Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt følger av forurensingslova kapittel 9.

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har
difor ingen signatur.*

Astrid Riise
rådgjevar

Alver kommune

Vedlegg:

Forskrift Radøy kommune utsleppsløyve

Mottakarar:

Henrikas Maslauskas

Bøgjerdet 27

5937

BØVÅGEN